



Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar	Møtt	95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar	Møtt	48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	Møtt	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem	Møtt	41518991	hfraf@broadpark.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	Styremedlem	Møtt	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Erik Olufsen, 6690 Aure	1. vara	Møtt	97787421	erik.olufsen@sweco.no
Christine Strandmann, Keiser Wilhelmgate 62, 6003 Ålesund	Fylkesleiar BKL	Møtt	99244515	cstrandmann@hotmail.com
Arnhild Heggemli Harstad, Storhågvegen 7, 6631 Batnfjordsøra	Fylkesleiar BU	Forfall	41605033	arnhild.bu@hotmail.com
Til orientering:				
Petter Melchior, 6214 Norddal	2. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
Elling Kvammen, 6440 Elnesvågen	3. vara		91824069	elling.kv@hotmail.com
Sekretariatet		Tlf. arbeid		
Arnar Lyche	Møtt org.-sjef	71202897	41418871	arnar.lyche@bondelaget.no
Arild Erlien	Møtt rådgjevar	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	Møtt førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag tysdag 6. og onsdag 7. desember 2011 på Tingvoll Fjordhotell med synfaring hos Tingvollst og Bioforsk økologisk

PROGRAM:**Tysdag 6. desember:**

Kl. 11.30-12.30: Besøk hos Tingvollst / fam Waagen i Torjulvågen.

Kl. 13.00-16.30: Besøk ved Bioforsk økologisk på Tingvoll

- NORSØK og Bioforsk sin historie, hvilke kompetansemiljø er samlet på Tingvoll gard
- Omvisning i fjøset, biogassanlegget og Sol- og Bioenergisenteret
- Presentasjon av aktiviteten til Bioforsk Økologisk
- Presentasjon av planene for Tingvoll Økopark
- Hvordan kan Møre og Romsdal Bondelag, Bioforsk Økologisk og de øvrige kunnskapsmiljøene på Tingvoll gard samarbeide vidare framover? Korte innledninger v/M&R Bondelag v/Anne Katrine Jensen og v/Bioforsk økologisk

Kl. 17.00-19.00: Styremøte på Tingvoll Fjordhotell.

Onsdag 7. desember:

Kl. 09.00-15.00: Styremøte på Tingvoll Fjordhotell.

1/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ekstrasak: Småsamfunnsgruppe – e-post frå Fylkesmannen si landbruksavdeling

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend

2/2011 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 18. oktober 2011

Vedlegg: Protokoll, som også er utsendt på e-post for godkjenning.

Vedtak: Protokoll frå styremøtet 18. oktober godkjend.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 41 41 88 71	E-postadresse: more.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

SAK 57/2011: Leiarmøtet 4. og 5. november 2011 - Oppsummering**Vedlegg:**

- Kopi av e-post 6. nov frå leiar i Rauma Bondelag til Berit Hundåla og Per Harald Agerup
- Evaluering sendt 25. nov av org.-sjef Arnar Lyche til Norges Bondelag
- Omtale og bileter frå Leiarmøtet er lagt ut på heimesida.

Leiarmøtet vart halde på Rica Seilet Hotell i Molde fredag 4. og laurdag 5. november. Første dag var sett av til kommunikasjon og omdømme, og Bondelagets prioriterte næringspolitiske saker. Laurdag m.a. fokus på norsk landbruk i den internasjonale landbruksverda og strukturendringar i landbruket.

Som ein viktig del av Bondelaget si satsing på tillitsvalde på alle plan i organisasjonen, var heile styret i lokal-laga invitert til ein eller to dagar etter ønskje.

Totalt deltok det 69 personar på Leiarmøtet ein eller to dagar. Av desse var det 51 tillitsvalde frå 30 lokale bondelag, 9 tillitsvalgte/tilsette frå fylkesstyret/-kontoret, 3 medlemmer i valnemnda som ikkje er tillitsvalde i lokallaga og 6 innleiarar/gjestar. 16 lokale Bondelag stilte med to eller fleire deltakarar.

Vedtak: Styret konkluderer med at:

- Invitere lag som ikkje møter til å ha førebudd innlegg på tema.
- Leiarmøtet bør fungere som kurs og inspirasjonssamling for å bygge organisasjonen.
- Leiarmøtet er svært nyttig, triveleg og sosialt møte, treffer andre kollegaer, fagleg utbytte
- Fylkeslaget kan ta telefon til dei laga som ikkje er påmeld i forkant av møta.
- Vellukka å invitere deltakarane til å delta ein eller to dagar etter eige ønskje.
- Vellukka at bønder fortel om drifta si, og formidler bonden sin kvardag
- Vise bilete frå aktivitetar i laga for å stimulere ulike tiltak.
- Vurdere å ha ei kort samling med nye lokallagsleiarar og styret/kontoret i løpet av programmet.
- Vurdere ein annan møteplass for Leiarmøtet, gjerne med utferd, eller felles leiarmøte med anna fylke.
- Invitere til innspel/informasjon frå samvirkeorganisasjonane på leiarmøtet
- Leiarmøtet i Bondelaget er den einaste arenaen i fylket som samlar landbruksfylket
- Kontoret legg fram til styremøte i mars/april framlegg til opplegg for leiarmøtet 2012.

Oppsummering deltaking og program:

Leiarmøtet starta fredag med at to bønder presenterte sin gard, bygd og matproduksjonen, og såg også dette i samanheng med kommunikasjon og omdømme.

Eystein Opdøl driv heimgarden Opdøl gard i Sunndal og Renndølsetra, som ligg i Innerdalen to mil unna heimgarden. Mjølkekvote på 33 tonn og 130 vinterfora sau.

Rune Henning Haram driv Sørengarden på Haramsøya i Haram kommune. Han har eggproduksjon med 7500 høner, mjølkeproduksjon med 50 kyr og produksjon av kastratkjøtt av storfe, som er den siste satsinga på bruket.

Frilandsjournalist og forfattar Svein Sæter frå Stangvik i Surnadal tok leiarmøtet med i eit skråblikk på landbruket.

Frå Norges Bondelag møtte **1. nestleiar Berit Hundåla** frå Vefsn i Nordland og **seniorrådgjevar Per Harald Agerup**. Dei presenterte den nye kommunikasjonsstrategien for Norges Bondelag.

Leiar i Surnadal Bondelag, Oddvar Mikkelsen, tok føre seg kommunikasjon sett frå eit lokallag.

Leiarmøtet vart fredag avslutta med presentasjon av Norges Bondelag sine prioriterte næringspolitiske saker 2011-2012. Etter innleiingane til nestleiar Berit Hundåla frå Vefsn i Nordland og seniorrådgjevar Per Harald Agerup, var det gruppearbeid og framlegging i plenum med spørsmål og diskusjon.

Nestleiar Berit Hundåla starta leiarmøtet laurdag med å orientere om norsk landbruk i den internasjonale landbruksverda. Ho er nyvald europeisk representant i styret i den nye verdsorganisasjonen for bønder og samvirke - WFO/World Farmers Organisation. Seniorrådgjevar i Norges Bondelag, Per Harald Agerup, innleia til debatt om strukturpolitikken.

Organisasjonssjef i M&R Bondelag, Arnar Lyche, presenterte verknader av strukturendringar i landbruket i Møre og Romsdal, med fokus på bønders erfaringar med mjølkerobot og innandørsmekanisering.

To bønder som har satsa og investert ulikt delte også sine erfaringar med forsamlinga.

Fylkesleiar og bonde Inge Martin Karslvik frå Eide bygde nytt fjøs vinteren 2007/2008 og gjekk frå ei kvote på 128 tonn til idag 425 tonn totalt.

Bente Bjerkeset Solenes frå Gjemnes driv mjølkebruk med 150 tonn. Ho overtok garden i 2005, som var eit tradisjonelt bås fjøs frå 1975 og som var ombygd i 1995 til lausdriftsfjøs. I seinare tid har det vore ombygging av mjølkestall og forbrett, og gjødselskjellaren er støtta opp.

Fylkesskogsjef Harald Nymoen presenterte aktuelle saker frå Fylkesmannens landbruksavdeling i Møre og Romsdal.

Leiarmøtet vart avslutta med open post og lokallaga sin time. Det var mange engasjerte innlegg på ulike tema som nestleiar Berit Hundåla og seniorrådgjevar Per Harald Agerup tok med seg tilbake til styret og sekretariatet i Norges Bondelag.

Heimeside 07.11.2011: Leiarmøtet fokuserte på kommunikasjon og prioriterte saker

Nærare 70 tillitsvalde frå lokallaga og gjestar deltok på leiarmøtet til Møre og Romsdal Bondelag i Molde fredag 4. og laurdag 5. november. Første dag var sett av til kommunikasjon og omdømme, og Bondelagets prioriterte næringspolitiske

saker. Laurdag var det mellom anna fokus på norsk landbruk i den internasjonale landbruksverda og strukturendringar i landbruket.

Heimeside 10.11.2011: Norges siste og eneste mobiliseringsorganisasjon

- Vi er flinke til å få synlighet for budskapet vårt. Bondelaget er Norges siste og eneste mobiliseringsorganisasjon. Ingen andre kan få til noe tilsvarende. Nå trenger vi nye ideer samtidig som vi bygger vidare på det vi allerede har gjort! sa nestleder i Norges Bondelag, Berit Hundåla, på ledermøtet i Møre og Romsdal Bondelag. Det ble gjennomført en vellykket budstikkestaffett i vår, nå lurte hun på om det kanskje er på tide å få til en matstaffett.

Heimeside 15.11.2011: - Promoter landbrukets ressursar ovanfor anna næringsliv

- Vi må alltid promotere landbrukets ressursar ovanfor anna næringsliv og sjå på landbruket som ei næring på line med andre. Landbruket er med i næringsplana for kommunen, vi har ikkje eigen landbruksplan. Vi må fortelje om ringverkna-dane landbruket har for andre næringar, m.a. leverandørar av varer og tenester. Og reiselivet er spesielt viktig. Reiselivsbe-driftene er avhengige av landbruket. Vi eig utsikta, laksen, hjorten, skogsvegane og fjellet, seier leiar i Surnadal Bondelag, Oddvar Mikkelsen. Kommunikasjon, omdømme og bruken av media var eit av fleire tema på leiarmøtet i Møre og Romsdal Bondelag. Leiar i Surnadal Bondelag, Oddvar Mikkelsen, var utfordra til å seie noko om kommunikasjon sett frå eit lokalt bondelag.

SAK 52.2/2011: Innspel til uttale jordbruksforhandlingane 2012

Vedlegg: Utkast til uttale

Arbeidsutvalet (Karlsvik, Kjerstad og Lyche) hadde møte 2. desember for å utarbeide førsteutkast til uttale. En-deleg utkast vart drøfta i styret 6.-7. desember, og vert deretter sendt som høyringsutkast til lokallaga i samband med laga sitt arbeid og studieopplegg for jordbruksforhandlingane 2012.

Vedtak: Styret sender sin førebelse framlegg til uttale til jordbruksforhandlingane 2012 til lokallaga slik at dei kan kome med merknader til fylkeslaget sine synspunkt.

SAK 55.2/2011: Årsmøterunden i lokallaga – meir oppsummering

Vedlegg: Liste over årsmøtedatoar i lokallaga pr. 30. nov
 Årsmøteval i lokallaga pr. 30. nov
 Liste over tillitsvalde i lokallaga pr. 30. nov
 Rapport frå Birgit Kjerstad si årsmøterunde på Søre Sunnmøre 19., 20. og 21. oktober

Vedlagte lister viser at pr 30 november har fylkeslaget fått melding om avvikla årsmøter i 42 av 48 lokallag (Manglar melding frå Vanylven/Syvde, Sande, Bjørkedal/Kilsfjord, Follestadalen, Geiranger og Giske). Fylkeslaget sin nye praksis med å sende ut på førehand forslag til dato for avvikling av årsmøtet, og endra ved-tekter til Noregs Bondelag med framskunda frist til innan 1. november kvart år for å halde årsmøtet i lokalt Bondelag, har verka positivt for gjennomføring av årsmøterunden i M&R Bondelag.

I 2010 vart det halde 16 årsmøter i oktober, resten i november og desember.

I 2011 vart 40 av årsmøta halde i oktober.

Styremedlemmer og tilsette rapporterte frå årsmøta dei har vore på, og følgjande vart drøfta av styret:

- Finne anna opplegg for presentasjon av og innhald i plansjer.
- Evaluere fadderordninga – nokre lokallaga trur at fadder kjem automatisk, nokre trur ikkje lov spørje andre styremedlemmer om besøk. Vurdere å kalle det kontaktperson for lokallaga.
- Lokallaga kan i forkant av årsmøta kome med ønskjer på tema.
- Power-point kurs for fylkesstyremedlemmer.
- Positivt at fylkesstyremedlemmer har ansvar å følgje opp lokallag gjennom fadderordninga.
- Gå gjennom lista for neste år kven som skal delta på årsmøta, unngå å møte i same lag kvart år.
- Sette opp frist for ønskje besøk frå fylkeslaget - bestillingsdato
- Styret meiner lag som ikkje har hatt årsmøte på mange år kan slå seg saman med nabolag, særleg med sikte på samling av lag innan ein kommune.
- Eit fungerande lokallag er ein viktig del av det samla tilbod til medlemene og for å ta vare på medleme-ne sine interesser i kommunen. Lokallaga har her eit klårt ansvar. Fylkeslaget kan hjelpe til med utsen-ding av innkalling og opplegg for årsmøte ved samanslåing.
- Lokallag som ikkje har årsmøte får heller ikkje tilbakeført lokallagsmidlar frå Norges Bondelag.
- Lokallaga er som fylkeslaget arbeidsorgan for Norges Bondelag.

Vedtak: Styret merker seg synspunkta som kom fram til planlegginga av årsmøterunden neste år og tek saka til vitande.

SAK 58/2011: Informasjonstiltak våren 2011**A: Landbruksmeldinga**

Regjeringa si landbruksmelding vart lagt fram 2. desember. Fylkeslaga er utfordra til å arrangere opne møter, gjerne i samarbeid med samvirkeorganisasjonane eller andre alliansar.

Det var telefonkonferansar med fylkesleiarar og org.-sjefar i Norges Bondelag 1. desember.

Det vert halde ekstraordinært representantskapsmøte i Norges Bondelag 22. februar.

På styremøtet var det gjennomgang av plansjer med dei viktigaste punkta i landbruksmeldinga.

Organisasjonsmessig behandling i Bondelaget:

- Sammendrag sendt ut i organisasjonen før jul – til lokal- og fylkeslag.
- Fylkeslagene gir høringsuttalelser opp mot representantskapet 22. februar
- Lokallagene kan ta opp saker de måtte ønske inn mot fylkeslagene.
- Intern informasjon til lokallagene i regi av fylkene – regionmøter og egne møter
- Representantskapet innkalles i passe tid før Stortingsbehandlingen, dvs før høringer og innstilling fra Næringskomiteen.

Lokal handsaming i M&R:

Styret meiner det er behov for god kommunikasjon og dialog med bønder om landbruksmeldinga, og vil utfordre lokallaga til å kome med tilbakemeldingar på innhaldet i meldinga.

Styret vil arrangere tre regionale dag- og/eller kveldsmøter; Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. Desse møta vert halde første veka i februar i tida 6. – 10. februar, gjerne i samarbeid med Tine, Nortura, Fylkesmannen.

Bondelaget inviterer til møta. Få tillitsvalde i samvirket til å innleie. Ta kontakt med Norges Bondelag om innleiarar.

Fylkesstyret drøfter landbruksmeldinga på fellesstyremøtet med Østfold Bondelag 25. januar.

Viktig at fylkeslaget har politikarkontakt om landbruksmeldinga på nyåret.

Vedtaks: Kontoret arbeider vidare med planlegging av tre regionale møter i fylket om landbruksmeldinga i veke 6 - (6.-10. februar)

B: Bondelaget og Bygdekvinnelaget - debatt og møter i lokallaga – jfr SAK 54/2011, pkt c

Vedlegg: Referat frå styremøtet i Bygdekvinnelaget

Org.-sjef hadde 24. november møte med leiar og nestleiar i Bygdekvinnelaget.

Notat vart lagt fram på møtet av org.-sjef Arnar Lyche:**Debattmøte om norsk mat**

Bygdekvinnelaget og Bondelaget sentralt oppfordrer oss til å sette norsk mat på agendaen. Hva betyr matproduksjonen for bygdene våre? Er norskprodusert mat mer miljøvennlig? Kan vi gjøre mer for å verne om det norske? Er vi stolte av vår egen mat? Hvilke andre land kan vi lære noe nyttig av? Gå sammen og lag debattmøte med temperatur og engasjement, er oppfordringen!

Noen forslag til temaer på møtet:

- Norsk for enhver pris?
- ABC om GMO
- Maten vår i framtida
- Kortreist eller langreist i et miljøperspektiv.
- Rødt kontra hvitt kjøtt

Vi har diskutert med bygdekvinnelaget og de er veldig positive.

Hvorfor arrangere møte?

Vi i landbruket klager på forbrukerne som bare har fokus på pris på maten. Ingen etterspør matkvalitet, blir det sagt! Maten har aldri vært så billig sett i forhold til hva vi tjener, og sammenlignet med andre land som det er naturlig å sammenligne seg med. Derfor må det være mulig å ta ut mer på pris i markedet, er det mange som hevder. Samtidig er det stort fokus på matkjedene som i for stor grad bestemmer hva vi skal spise.

Nøkkelen til endring ligger hos forbrukeren. Så lenge vi kun blir målt på pris har norsk landbruk et dårlig utgangspunkt – som høykostland og med krevende driftsforhold. En god strategi må være å bevisstgjøre Kari og Ola Nordmann på sine matvalg. Hvordan er maten produsert og hvor kommer den i fra? Det er ved å produsere råvarer med god kvalitet på en miljøvennlig måte, norsk landbruk kan bygge opp sitt omdømme.

Målgruppe for møtet er forbrukerne, enten gjennom sitt private hushold eller som gjest på spisested. Vi arrangerer 1 møte i Molde. Etter innledningene åpnes det for debatt, synspunkter og spørsmål til et panel med bred kompetanse og erfaring. Møtets lengde er ca 3 timer + en time til smaksprøver på lokal mat laget av bygdekvinne. Presse inviteres til møtet.

Finansiering:

Det finnes ingen midler sentralt. Saken er allerede nevnt for fylkesmannen og de er positive. Kanskje har også fylkeskommunen noe å bidra med? Det er også diskutert et samarbeid med Landbruk Nordvest om kobling til en konferanse om økologisk landbruk.

Styret trakk fram at det er forbrukaren som er målgruppa, men også invitere Bondelaga og Bygdekvinnelaga. Ha toppa lag av innleiarar. Fokusere på og fange opp trendar. Søke ekstern finansiering.

Vedtak: Styret sluttar seg til at det vert halde møte i Molde laurdag 11. februar. Kontoret arbeider vidare med planane i lag med Bygdekvinnelaget. Finansiering vert drøfta av AU seinare. Anne Katrine Jensen vert med frå styret i det vidare planleggingsarbeidet.

SAK 59/2011: Møtedatoar for styremøta**A: Kornkonferanse i Oslo 24. januar og felles styremøte med Østfold Bondelag 24. og 25. januar**

Det er tidlegare avtala å ha styremøte i Oslo i samband med kornkonferansen tysdag 24. januar. Fylkesleiar og org.-sjef har avtala å ha halve styremøtet etterpå i lag med Østfold Bondelag, det vil seie onsdag 25. januar. Felles middag for begge styra tysdag kveld 24. januar. Bestille overnatting på Thon Opera Hotell. Fylkeskontoret sender påmelding til kornkonferansen, mens kvart styremedlem bestiller flybillett sjølv. Start kornkonferanse tysdag er kl. 09.00. Avslutte styremøtet onsdag ca. kl. 17.00.

Vedtak: Fylkeskontoret avklarar i samråd med fylkesleiar vidare opplegg for felles styremøte. Styret meiner aktuelle tema for felles styremøte med Østfold Bondelag kan vere korn- og kraftfor politikken, landbruksmeldinga og det komande jordbruksoppgjeret. På fellesmøtet presenterer dei to fylkesleiarane landbruket i kvart sitt fylke. Etter kornkonferansen tysdag med slutt kl. 16.00 held M&R Bondelag eige styremøte kl. 17-19, og har felles middag med Østfold BL kl. 20.00. Onsdag fellesmøte, og dagen vert avslutta med eige styremøte M&R Bondelag.

B: Dato styremøta i januar, februar og mars

Fylkesårsmøtet vert halde i Molde fredag 9. og laurdag 10. mars. Sakspapir og årsmelding m.m. må då sendast utsendingane ca. fredag 2. mars.

Styremøte er fastsett til onsdag 25. januar med Østfold Bondelag (og Kornkonferanse 24.jan)

Møter om landbruksmeldinga vert halde i veke 6 – (6.-10. februar)

Styremøte torsdag 16. februar. Årsmelding, rekneskap, sakliste, program og saker til årsmøtet.

Det er vinterferie i skulen: Veke 8: 20.-24. februar 2012

Styremøte tysdag 6. mars med samvirke for handsaming av uttale til jordbruksforhandlingane.

Lokallaga sin frist for uttale vert sett til 20. februar. Fristen for lokallaga er flytta fram fem dagar i høve til tidlegare år då mange uttaler kjem etter fristen slik at styret ikkje rekk å lese dei før fylkesstyremøtet. Fylkeslaga sin frist for å sende uttale til Norges Bondelag er 9. mars.

Vedtak: Styremøta vert halde på dei datoane som er fastsett ovanfor.

C: Landbrukskonferanse og fylkesårsmøte 9. og 10. mars 2012 – vidare drøfting

Landbrukskonferansen vert arrangert i lag med Fylkesmannen si landbrukavdeling og Landbruk Nordvest, og vert halde på Rica Seilet Hotell i forkant av årsmøtet fredag 9. mars. Årsmøtet held fram laurdag 10. mars. Viser til drøfting på styremøte 20. sept, sak 33.2/2011.

Fylkesmannens landbruksavdeling skal lage ei landbruksmelding for M&R. Fylkesmannen har kome med framlegg overfor fylkeskontoret om at konferansen kan ha fokus på innspel til slik landbruksmelding. Vi må drøfte seinare om konferansen skal ha fokus på eit eller to tema, eller om vi skal ha mange lause tema for innlegg.

Styret ønskjer at Fylkesmannen presenterer arbeidet med landbruksmeldinga. Ikkje så sterkt fokus på rekruttering og likestilling på denne konferansen. Andre aktuelle innleiarar/tema kan vere Mattilsynet og orientering om nytt beitekrav i 2013. Bioforsk. Korleis drar vi i lag – fokus på god samhandling.

Vedtak: Fylkeskontoret set saman ei arbeidsgruppe frå Bondelaget, Landbruk Nordvest og Fylkesmannen til å lage ei skisse til program med innleiarar. Utkast til program for landbrukskonferansen vert lagt fram for neste styremøte.

SAK 60/2011: Tildeling av «Aktivt Lokallagsmidlar» 2011 til lokallaga

Vedlegg: Tilråding på bakgrunn av innkomne søknader 25 lag (23 lag i 2010, 27 lag i 2009, ikkje utdelt i 2008, 26 lag i 2007, 30 lag i 2006, 29 lag i 2005, 35 lag i 2004 og 30 lag i 2003). Til fordeling i 2011: Kr **148.743**
Søknadsfrist for lokallaga var 20. november.

Det er i år ei betydeleg auke i ramma til fordeling av aktive lokallagsmidlar, etter klar prioritering av dette i styret i Norges Bondelag. M&R Bondelag fordelte i 2010 kr 85.148 mot kr 148.743 i år, ei auke på over 60.000 kroner. Midlar som ikkje blir fordelt til lokallaga går inn i fylkeslaget sitt rekneskap.

Kvart år har fylkeslaget utgifter på innkjøp av profileringsartiklar som m.a. kjeledressar, T-skjorter, ryggsekker, som vert bruka som gåver til tillitsvalde i lokallaga og på aktivitetar og stands i lokallaga. I fordelingsgrunnlaget er det sett av til innkjøp av slike profileringsartiklar.

Det er også i år føresetnad for tildeling at laget har søkt, med unntak av Open Gard, som vi foreslår får auka tilskotet frå kr. 4.000 til kr. 5.000 pr. arrangement, og auke frå kr. 3.000 til kr. 5.000 til lag som har hatt ansvar for dyreutstilling på utadretta arrangement i bygda i lag med andre. (Lokallag har mykje arbeid med både Dyre-god-dagane i Gjemnes og Landbruksmartna på Åndalsnes).

Vidare er det framlegg om auke frå kr. 400 til kr 450 for uttale jordbruksforhandl og auka frå kr. 300 til kr 350 pr. tiltak/aktivitet, i tillegg til at det er prioritert etter skjønn.

Fordeling av aktive lokallagsmidlar tilseier også prioritering etter skjønn. I søknaden frå fleire av laga går det fram at dei har stor aktivitet gjennom året, men svak økonomi. Vi foreslår at seks lokallag får eit ekstra tilskot på kr. 3.000.

Tidlegare års støtte på kr 3.000 til Aktivt Lokallag kåra på fylkesårsmøte vert no utbetalt direkte frå Norges Bondelag på kr 5.000.

Vedtak: Styret sluttar seg til framlegget til fordeling med dei endringar som kom fram.

Styret vil fordele kr 148.743 i Aktivt Lokallagsmidlar for 2011 i samsvar med tilråding. Fordelinga er basert på kr 450 til alle lag som har uttala seg om jordbruksavtala når dei også har sendt inn søknad og kr. 350,- til anna prioritert aktivitet etter skjønn.

I tillegg kr. 5.000 til lag som har arrangert Open Gard på gardsbruk, og kr. 5.000 til lag som har hatt dyreutstilling på arrangert i samarbeid med andre utanom gardsbruk.

Det er elles nytta midlar til vervepremier på årsmøtet og profileringsartiklar til aktivitetar i lokallaga. Seks lokallag som har sendt inn søknad om aktivitetsmidlar får eit ekstra tilskot på kr. 3.000 på grunn av svak økonomi

Styret er imponert og svært glad for dei mange gode aktivitetane som er i lokallaga på utadretta tiltak, tilbod til medlemene og medlemsverving. Laga får kopi av fordelingsdokumentet som også seier noko om aktivitetar i ulike lag.

SAK 61/2011: Oppnemning repr til styringsgruppe for Landbruksmelding M&R

Vedlegg: Saksframlegg i møte 28. november i fylkesutvalet.

Fylkesutvalet har vedteke at det skal lagast ei landbruksmelding for Møre og Romsdal. Det skal opprettast ei styringsgruppe med medlemmer frå fylkeskommunen, fylkesmannen og næringsorganisasjonane i landbruket (Bondelaget, Bonde - og småbrukarlaget og Allskog).

Føremål: Meldinga skal vere eit kunnskapsgrunnlag for å setje landbruket på den politiske dagsordenen og vise konsekvensar av ulike vegval. Den skal vidare vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Meldinga skal danne grunnlag for prioriteringar i komande regionale planar og handlingsprogram.

Organisering og framdrift: Landbruksmeldinga skal vere vedteken i løpet av 2012. Det skal opprettast ei styringsgruppe med medlemmer frå fylkeskommunen, fylkesmannen og næringsorganisasjonane i landbruket (Bondelaget, Bonde - og småbrukarlaget og Allskog). Fylkesmannen har ansvar for prosessar og skriving – med tett relasjon til fylkeskommunen. I tillegg vil det bli oppretta faggrupper etter tema.

Avgrensing: Meldinga skal omfatte landbruksnæringa og elles foredling og matproduksjon som rettar seg mot ein innanlandsk marknad. Meldinga skal også omfatte ulik næringsverksemd knytt til landbruket.

Status og involvering: Meldinga skal ha fokus på overordna prinsipp og strategiar og det ferdige arbeidet skal ha status som fagmelding. Arbeidet skal vere prega av brei involvering og grundige prosessar.

Kopling til andre planprosessar: Meldinga vil vere tett kopla til arbeidet med revideringa av gjeldande fylkesplan (ny Regional plan 2013 -2016). Arbeidet skal også samordnast med sektor – og temastrategiar som regionalt miljøprogram,

regional strategi for landbruksrelatert næringsutvikling i Møre og Romsdal, melding om kystskogbruket, strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal 2008 -2016 og regional energi - og klimaplan.

Rullering: Det er eit mål at landbruksmeldinga skal rullerast minst ein gong i løpet av kvar fylkestingsperiode. Fortrinnsvis i byrjinga av perioden.

Vedtak: Bondelaget sin representant i styringsgruppa for Landbruksmeldinga vert leiar i M&R Bondelag, Inge Martin Karlsvik.

SAK 62 /2011: Høyring – endringar i Norges Bondelags organisasjonsstruktur

Vedlegg: Rapport frå Fornyingsutvalet (Fornyng II) (trykt i eigen bunke)

Høyringsbrev frå Norges Bondelag

Styret i Norges Bondelag nedsatte i mars 2011 et utvalg som fikk i oppdrag å se nærmere på forslag tatt opp i rapporten fra Fornyingsutvalget, med vekt på forslagene rundt endringer i organisasjonsmessige forhold knyttet til tillitsvalgte. Et forslag var å innføre en landsstyremodell.

Høringsfristen for fylkeslagene er 20. januar 2012.

Høringssvarene bes ta stilling til følgende forslag fra utvalget:

1) Dagens modell for styrende organer i Norges Bondelag beholdes som i dag. Utvalget går ikke inn for en landsstyremodell.

Utvalget foreslår følgende justeringer i dagens styringsmodell:

2) Årsmøtet:

- a. Årsmøtet skal i større grad fatte vedtak. Styret har ansvar for å fremme saker til beslutning.
- b. Lokal- og fylkesledd inviteres i større grad til å ta opp saker.
- c. Flere redaksjonskomiteer nedsettes for ulike tema.
- d. Årsmøtet forlenges med en halv dag gjennom at tida brukt til representantskapsmøtet forkortes.

3) Representantskapet

- a. Sammensetningen videreføres, men tilsynsfunksjonen vektlegges mindre.
- b. Representantskapet innstiller ikke til årsmøtet om årsmelding, regnskap og kontingent. Dette krever lovendring.
- c. Representantskapet holdes ordinært tre ganger årlig, alternativt to ganger hvis representantskapet før årsmøtet kuttes ut.

4) Fylkesledersamlinger innarbeides som et fast opplegg i forbindelse med representantskapene.

5) Styret

- a. Sammensetningen av styret i Norges Bondelag bør være hovedsakelig som i dag. Samvirkerepresentantene bør være markedsregulatorene Tine, Nortura og Norske Felleskjøp.
- b. Arbeidsdelingen mellom AU og styret bør endres, slik at AU i større grad avlaster styret for mindre saker. Dobbelt saksbehandling er lite hensiktsmessig.
- c. Styret skal prioritere overordnede, strategiske og prinsipielle spørsmål
- d. Distribusjon av sakspapirer og protokoller effektiviseres.

Kommentarar frå styret:

Pkt 1 – landsstyremodell: Hadde vore spennande tanke med landsstyremodell, men aksepterer at NB går vekk frå den.

Pkt 2 - greitt, men usikker på om det er behov for fleire redaksjonskomitear. Det kan gå mykje tid til dette for utsendingane. Fylkeslaga bør heller prioritere å ta opp fleire saker på årsmøtet.

Styret støttar framlegget om at årsmøtet vert forlenga med ein halv dag, men då må utsendingane få full møtegodtgjersle/godtgjering for dette også.

Pkt 3, 4 og 5 – støttar endringane vedr representantskapet, fylkesleiarsamlingar og styret.

Generelt til jordbruksforhandlingane:

I dag sender lokallaga sin uttale til fylkeslaget, og som vert sendt vidare til NB saman med fylkeslaget sin uttale. Alle i styret i NB får tilgang til å lese alle innsendte uttaler frå fylkeslaga, i tillegg til samarbeidande organisasjonar.

Bondelaget sine krav i jordbruksforhandlingane blir utarbeida frå det som kjem fram i debatten i representantskapet.

M&R Bondelag meiner at det bør bli laga eit forslag til krav frå NB som sendast fortruleg til dei som deltek på møtet i representantskapet, og danne grunnlag for debatten her. Møtet kan då gjennom sin debatt gje meir tydelegare signal til forhandlingsutvalet, slik at dei har større ryggdekning i eigen organisasjon.

Vedtak: Styret i Møre og Romsdal Bondelag viser til kommentarane og sluttar seg til forslaga frå Fornyingsutvalet.

SAK 63 /2011: Plan for rekrutteringsprosjekt

Etter initiativ frå Fylkesmannen si landbruksavdeling hadde Møre og Romsdal Bondelag 25. oktober møte med FMLA om etablering av prosjekt med tema Rekruttering. Frå Bondelaget møtte Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche og Arild Erlie. Møtet var ei oppfølging av diskusjonar om rekrutteringsprosjekt i regi av Bondelaget. Hovedide – Prosjekt som tek utgangspunkt i bedrifta, ikkje i potensiell overtakar.

På samrådsmøtet mellom faglaga, landbruksavdelinga m.fl på Fylkeshuset 17. november orienterte Arnar Lyche vidare om eit eventuelt prosjekt. Det er ønske om at Bondelaget skal vere eigar av prosjektet, og skal ha eit tett samarbeid med Bonde- og småbrukarlaget og andre aktørar t.d. FMLA og Tine. Ein planlegg prosjektlei- ar 100 prosent stilling i 3 år.

Bruke det meste av arbeidstida i tett dialog med enkeltbønder. Legge vekt på å kartlegge mulige vegvalg. Er det nokre i næraste familie som ønsker å ta over? Er det andre slektingar som er interessert? Eventuelt salg ut av familien? Hvilke muligheter ligg i garden og i eksisterande driftsapparat. Må det investerast, og eventuelt kor mykje? Tidspunkt for eventuelle investeringar?

Målet med prosjektet er å ta vare på bruka som varig ressurs anten ved generasjonsskifte eller salg. Frå FMLA si side blir det lagt vekt på at heile næringa må involverast, og at prosjektet ikkje må stå eller falle på ein person.

Det er også viktig å ta med erfaringar frå andre tilgrensande prosjekt. Det blir difor halde eit uformelt møte med leiarane for desse prosjekta før prosjektplanen blir fastsett. Bondelaget har invitert til eit slikt "lunsjmøte" 15. desember på Felleskjøpet sitt møterom i Molde. Deltakarar er Bondelaget (Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche og Arild Erlie), Allskog (Bente Dyrnes Aarø), Småbrukarlaget (Øystein Ormbostad og Randi Fiskå), Fylkesmannens landbruksavdeling (Synnøve Valle; Anne Berit Løset; Ottar Longva; Harald Nymoen), Nortura (Brit-Kari Hauger), Tine (Heine Bakke), Innovasjon Norge (Sivert Gravem), M&R fylkeskommune (Eivind Vartdal.Ryste).

Utkast til prosjektskisse vert utarbeida etter dette møtet. M&R Bondelag deltek i styringsgruppa.

Vedtak: Styret går inn for å starte prosjektet, og at Møre og Romsdal Bondelag vert prosjekteigar.

SAK 64/2011: Utnevnning av æresmedlem i Møre og Romsdal Bondelag

Vedlegg **Fortruleg på eige ark innstillinga**

SAK 65 /2011: Skatteklagenemnda

Vedlegg: E-post 26. oktober frå Kristoffer Bjorli, Eide Regnskapskontor.
Oversyn over medlemmer for perioden 2007-2011

Kristoffer Bjorli, Eide Regnskapskontor, har vært medlem i skatteklagenemnda de siste fire årene og sa under sterk tvil ja til gjenvalg. De andre medlemmene herfra fylket har også sagt ja til å fortsette.

I Sør- og Nord-Trøndelag har fylkestingene allerede gjenvalgt alle nåværende medlemmer unntatt en som trakk seg på grunn av alder. I Møre og Romsdal derimot, ser det ut til at alle unntatt en skal skiftes ut. Den som er forslått gjenvalgt, er aktiv politiker, og de andre innstilte er også politisk aktive, med ett unntak (en regnskapsfører).

Det ser derfor ut som at nemnda her i fylket skal være politisk, og det faglige skal komme i annen rekke. Det skal vel ikke være meningen med en slik nemnd?

Kristoffer Bjorli ble i sin tid foreslått som medlem for å ivareta landbrukets interesser i skattesammenheng. Han mener det ikke er bra faglig dersom det går i den retningen det ser ut til nå.

Vedtak: Styret i Møre og Romsdal Bondelag mener skatteklagenemnda bør bestå av fagfolk, og viser til at det generelle kompetansekravet skal være oppfylt.

Kristoffer Bjorli, Eide Regnskapskontor, ble i sin tid foreslått av M&R Bondelag som medlem i nemnda for å ivareta landbrukets interesser i skattesammenheng. Bjorli har i inneværende periode vært medlem i nemnda. Møre og Romsdal Bondelag vil foreslå overfor fylkestinget at Kristoffer Bjorli blir gjenvalgt som medlem i skatteklagenemnda for kommende periode.

SAK 66/2011: Grunneigarar, linjerydding og kraftliner

Fylkeslaget er oppmoda av ein lokallagsleiar å sjå på problematikken kring linjerydding og kraftliner. Jfr. vedlagte presseklipp frå Driva og Åndalsnes Avis.

Styret kom i si drøfting m.a. inn på erstatningsregelverket. Krava til soner blir større og større, og gatene blir breiare. Norges Bondelag har to sett med avtaler. Grunneigarar som er medlemmer kan ta opp sine saker direkte med juridisk avdeling i NB.

Vedtak: Styret vil be Norges Bondelag skrive brev til kraftselskapa, og minne om dei avtaler om finst, m.a om varslingsplikta. Eventuelt kan Norges Bondelag ha møte med kraftselskapa. Norges Bondelag bør også bruke Bondebladet for å informere om denne problematikken.

SAK 67/2011: Småsamfunnsgruppe i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal bondelag har hatt ein representant i småsamfunnsgruppa, som har eksistert sidan 2006/2007. Dette vart oppretta i samband med at fylket fekk midlar til ei utvida småsamfunnsattsing (bygdemobilisering med meir). Bygdemobiliseringa pågår enno, men på eit redusert nivå og berre med bruk av BU-midlar.

Knut Sjømøling har vore Bondelaget sin medlem i denne gruppa sidan starten. Han har bede om at Bondelaget vurderer hans plass i denne gruppa vidare.

Gruppa består elles av medlemmer frå fylkeskommunen og frå eit bygdemobiliseringsprosjekt. Fylkesmannen vurderer også å få inn ein representant frå ein kommune i tillegg.

Fylkesmannen ser gjerne at Bondelaget blir med i gruppa vidare!

Vedtak: Styret går inn for at Bondelaget framleis er representert i gruppa. Styremedlem Arne Rekkedal vert M&R Bondelag sin nye repr. i gruppa.

SAK 68/2011: Referatsaker

1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving

Vedlegg: Medlemsutvikling hittil i år:

Medlemstal 01/01-11: 3.424 **Medlemstal pr 30/11-11: 3.379 - 45**

Nyinnmelde hittil i 2011: 110 Utmeldte hittil i år: 155 (Av desse 40 stopp ubetalt)

2 Arbeids- og møteplan 2011-2012

(Dato ajourført: 9. desember 2011)

Vinterferie i skulen: Veke 8 – 20.-24. februar 2012

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
6.-7. Des	Fylkesstyremøte	Tingvoll	Styret
2012			
24. januar	Kornkonferanse	Oslo	Styret
24.-25. januar	Styremøte (25.jan felles med Østfold BL)	Oslo	
28.-29. januar	Samling for unge nye bønder	Molde Rica Seilet	Styret
Jan	Frist for lokallaga forslag til valnemnda		
jan / feb.	Møte i valnemnda		
ca. 1. feb	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
Veke 6	3 regionale møter om landbruksmeldinga	Nordmøre, Romsdal. Sunnmøre	
16. feb	Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap)		Styret
20. feb	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
1. mars	Kontingentforfall		
6. mars	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)		Styret og samvirket
9.-10. mars	Årsmøte M&R Bondelag + landbrukskonf	Molde Rica Seilet	Lokallaga, fylkeslaget

3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:

9. desember: Medarbeidersamling i Landbruk Nordvest, Angvik i Gjemnes, Inge Martin Karlsvik LNV har invitert eksterne krefter for å få deres syn på LNV, hvilke forventningar de har til LNV, hvordan de ser for seg evt samarbeid, osv.

Inge Martin Karlsvik innleder sammen med fylkesjordsjef Ottar Longva hos Fylkesmannen om "Forventningar til Landbruk Nordvest og hvordan kan en legge til rette for et godt samarbeid".

12. desember: Møte om landbruksmeldinga, Førde, Birgit O. Kjerstad møter for M&R Bondelag Landbruks- og Matminister Lars Peder Brekk kjem til Førde måndag den 12. desember for å presentere innhaldet Meld.St. 9 Landbruks- og matpolitikken - Velkomen til bords. Midt i fjøstida frå klokka 18-21 inviterer LMD til møte på Sunnfjord Hotell i Førde.

Landbruks- og Matminsiteren vil presentere meldinga med fokus på bygd næringer og distriktsprofil. Det vil også vere kortare innleiingar frå Bondelaget, Småbrukarlaget og to andre personar.

15. desember: Arbeidsmøte om rekrutteringsprosjekt

Vedlegg: Invitasjon til lunsjmøte for å diskutere rekrutteringsprosjekt.

Inviterte er frå Bondelaget (Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche og Aridl Erlien), Allskog (Bente Dyrnes Aarø), Småbrukarlaget (Øystein Ornbostad og Randi Fiskå), Fylkesmannens landbruksavdeling (Synnøve Valle; Anne Berit Løset; Ottar Longva; Harald Nymoen), Nortura (Brit-Kari Hauger), Tine (Heine Bakke), Innovasjon Norge (Sivert Gravem), M&R fylkeskommune (Eivind Vartdal.Ryste).

10. januar 2012: Landbruksavdelinga, samrådsmøte, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche

28. og 29. januar 2012 - Samling for unge bønder – nye medlemmer i Bondelaget

Samlinga vert halde på Hotell Rica Seilet. Invitasjon vert sendt ut på e-post og brev til alle medlemmer under 35 år i M&R Bondelag (ca. 450) i desember, og marknadsført elles på heimeside, Bondeblad-spalta og andre media. Påmeldingsfrist 16. januar. Samlinga gratis for medlemmer i Bondelaget, og deltakaravgift for andre.

Deltaking berre for unge nye bønder som ikkje har delteke som slike samlingar tidligare.

Samlinga har som målsetjing å gje nye/unge bønder ein god start i yrket og aktuell kunnskap om næringa. Det blir særleg sett fokus på saker og oppgåver som er aktuelle for nye/unge bønder.

Eksempel på aktuelle tema:

- Status for landbruket i fylket – utfordringar for nye/unge bønder.
- Å styra garden som bedrift - økonomi og driftsplanlegging.
- Aktuelle næringspolitiske tema som er særleg aktuelle for nye/unge bønder.
- Økonomiske verkemidlar, satsingsområder og finansieringsmuligheter.
- Erfaringsutveksling og råd til unge/nye bønder.

Bidragstytarar under kurset er sentrale personar i landbruksorganisasjonane i fylket, samt bønder som bidrar med å utveksla sine erfaringar.

22. februar: Ekstraordinært representantskap om landbruks- og matmeldinga. Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche

4 Aktivitetar og møter i lokallaga

Heimeside 06.12.2011: Bøndene i Bondalen føler seg lurte av Tussa

Bøndene i Bondalen meiner Tussa Nett AS går bak ryggen på dei ved å søkje NVE om å leggje den nye 132 kV-lina i ein trase som går mykje lenger ned i dalsida enn kva partane fyrst hadde vorte samde om. - Måten Tussa Nett AS durar fram på minnar om tankeløyse og mangel på klokskap, seier Hjørundfjord Bondelag sin leiar, Knut Hustad, til MØRE-NYTT.

Heimeside 18.11.2011: Surnadal kommune styrker jordbruket

Surnadal kommune oppretter et næringsfond for å styrke landbruket. 300.000 kroner står i det nyoppretta landbruksfondet. - Landbruksnæringa er nå sidestilt med annen næring i kommunen. Landbruket har i størrelse et sammenlignbart fond med øvrig næringsliv, sier Oddvar Mikkelsen, leder i Surnadal Bondelag (DRIVA)

Heimeside 24.10.2011: Årsmøte i Hjørundfjord bondelag

Rekneskapen er avslutta og årsmeldinga skriven. Arne Rekkedal(foto t.h.) er styremedlem i Hjørundfjord bondelag og styremedlem i Møre og Romsdal bondelag. I tillegg har han stifta- og postlagt dei naudsynte dokumenta. No er det meste klart - inkl. tinging av marsipankake...(HJØRUNDFJORDPORTALEN)

Heimeside 21.10.2011: Årsmøta i lokale Bondelag i full gang

Dei lokale Bondelaga er i full gang med årsmøte. Møta har gjerne ei fin ramme med god servering og aktuelt tema, og med besøk frå fylkeslaget eller ekstern innleiar. Valnemnda har gjerne funne fram til nytt styre. Men i nokre lag er det vanskeleg når ein skal skaffe ny leiar. Fristen for å halde årsmøte i lokallaga er sett til 1. november.

Heimeside 19.10.2011: Nei frå Sunnylvn

Bøndene i Sunnylvn ønskjer ikkje slå saman bondelaget med Stranda. 9 av 26 medlemmer sa nei til samanslåing med Stranda bondelag. Kravet for samanslåing var 3/4-fleirtal, og dermed blir det ikkje samanslåing. I Stranda var det derimot eit samrøystes ønskje om å slå saman laga (SUNNMØRINGEN)

5 Referat frå møter og arrangement

19. oktober: Evalueringsmøte Dyregod-dagane, Batnfjordsøra, Arnar Lyche.

19.-21. oktober: Skattekurs samarbeidande rekneskapskontor, Union Hotell, Geiranger, 75 deltakarar. Elling Bjerke og Svein Aalling frå Norges Bondelag. Anne Turid Myrbostad frå fylkeskontoret.

Heimeside 26.10.2011: Regnskapsførere samlet til tema- og skattekurs

Vel 75 ansatte ved regnskapskontor i Møre og Romsdal som har samarbeid med Norges Bondelag var i forrige uke samlet på Hotell Union i Geiranger til det årlige tema- og skattekurset. Programmet gir de tilsette mye nyttig og viktig oppdatering på sentrale skatterettslige og regnskapsfaglige områder.

Samlinga startet onsdag 19. oktober med temadag i samarbeid med Økonomiforbundet, der det vart tilbydd to parallelle kurs å velge mellom: Bokføringslova og Daglig ledelse av regnskapskontoret.

Bokføringslova

Autorisert regnskapsfører Jon Baggetorp, som er daglig leder i Spydeberg Regnskapslag BA, tok for seg bokføringslova. Innlederen gjorde deltakerne kjent med loven og forskriften slik at de kan gi god veiledning til kundene slik at de er i stand til å etablere gode dokumentasjons- og regnskapsrutiner. I tillegg skal regnskapsførere tilpasse sine bokførings- og rapporteringsrutiner til lovens krav. I kurset ble det vist til eksempler fra hverdagen.

Daglig ledelse av regnskapskontoret

Endre Jørgensen, daglig leder i Vekstra AS, var foreleser på det andre temaet, daglig ledelse av regnskapskontoret. Regnskapskontoret trenger en aktiv leder. Aktiv ledelse har betydning for økonomien, personalpolitikken, kvalitetsstandarden etc. og er en forutsetning for å være et godt drevet og et framtidsrettet kontor. Kursleder tok utgangspunkt i prosjektåret, årsoppgjøret er ferdig, og det er tid for å begynne et nytt "lederår." Kurset var praktisk og løsningsorientert med vekt på konkrete problemstillinger og hjelpemidler.

Skattekurs

Torsdag 20. og fredag 21. oktober ble det holdt skattekurs. Dette årlige kurset for samarbeidende regnskapskontor blir arrangert i sin helhet av Norges Bondelag. Ansatte i eller innehavere av regnskapskontor som har samarbeid med Norges Bondelag har rett til å delta på kurset. Skattekurset har som målsetting å gi en bred gjennomgang av relevante skatte- og avgiftsfaglige nyheter slik at regnskapsførere er faglig oppdatert til det kommende årsoppgjøret.

Forelesere var rådgiver ved Avdeling for regnskap og juridisk service (RJS) i Norges Bondelag, Elling Bjerke, og advokat Svein Aalling, tidligere ansatt i Norges Bondelag, men som nå arbeider i Advokatfirmaet Orwall & Co DA.

Hovedtema for skattekurset var skatte- og avgiftsopplegget for 2011, ofte stilte spørsmål og andre aktuelle saker, valg av selskapsformer, spesielle skatteregler for landbruk, omdanning av selskapsformer, justeringsreglene i teori og praksis, aktuelle dommer og uttalelser, forhåndsuttalelser mv.

Skattekontorets time

Lars Erik Aamodt fra Skatteetaten kom i "Skattekontorets time" med aktuell informasjon.

20. oktober: Møte i styringsgruppa for prosjekt Auka smågrisproduksjon M&R, Hans Frafjord

Vedlegg: Møtereferat. Hatt to møter, Stilling utlyst.

25. oktober: Møte med landbruksavdelinga om rekrutteringsprosjekt, Fylkeshuset, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche og Arild Erlien.

Oppfølging av diskusjonane om rekrutteringsprosjekt i regi av bondelaget. Hovedide – Prosjekt som tar utgangspunkt i bedrifta, ikkje i potensiell overtakar.

1.-2. november: Grøftegrubling – arbeidsmøte for grøftekyndige, Tingvoll, Arnar Lyche

Tema teke opp: Erfaringar og betrakningar frå eit yrkesliv med drenering. God drenering- effekt på avlingar. Kva kostar det å drenere. God drenering – betydning for klimautslipp. Ulike grøftetekningar. Deltakarar frå Landbruks Nordvest, Fylkesmannen i landbruksavdeling, M&R Bondelag, Norsk Landbruksrådgjeving, Bioforsk Jord og Miljø, Bioforsk Økologisk.

8. november: Møte om gjerde og beiterettigheter. Hvordan samarbeide over kommunegrenser? Gjenneshallen. Arr:Gjemnes Bondelag og Gjemnes Bonde- og småbrukerlag. Innleiing v/Arnar Lyche

11.-12. november: Konferanse om økologisk landbruk, Skaret, Molde. AVLYST, få deltakarar

Arr: Landbruk Nordvest i lag med Bondelaget, Småbrukarlaget og Fylkesmannens landbruksavdeling.

11.-13. november: Landsmøte Nei til EU, Rica Seilet, Molde.

14. november: Innleiing om landbruk i Molde Rotary, Arnar Lyche

15.-17. november: Møteserie om småkraftverk på Vestlandet

Prosjektet "Småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet", som M&R Bondelag er deltakar i, hadde i november i lag med Småkraftforeninga ein informasjonskampanje om bygging av småkraftverk. Det vart halde kveldsmøter om temaet i Sunndal 15. november, på Stranda 16. november og på Eidså i Vanylven 17. november.

Møteserien vart ein suksess. I Møre og Romsdal møtte det bortimot 140 grunneigarar på 3 møte (aller størst oppmøte i Vanylven). Prosjektleiar Terje Engvik sto bak opplegget for Bondelaget.

17. november: Landbruksavdelinga, samrådsmøte, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche**Vedlegg:** Referat frå møtet

Dette vart drøfta:

- 1) Prosjekt Rekruttering: Møre og Romsdal bondelag har hatt møte med FMLA om etablering av prosjekt med tema Rekruttering. Arnar Lyche orienterte om konsept / tenkjing så langt
- 2) Landbruksmeldinga: FMLA har tatt initiativ til å utarbeide ei Landbruksmelding for Møre og Romsdal. FMLA orienterte om kva som er gjort / tenkt, og inviterte til diskusjon om prosessen vidare
- 3) Regionalt Miljøprogram – RMP skal reviderast i 2012, og FMLA har sagt klart frå at dei ønskjer ein grundig prosess i framkant av dette. FMLA orienterte om erfaringane frå kontakt med LMD/SLF.
- 4) Næringsstrategien for 2012

FMLA har tidlegare gitt signal om at næringsstrategien for 2012 i det alt vesentlige vil vere lik dokumentet for 2011. No har det kome fleire innspel om nødvendige / ønskelige justeringar som bør vurderast. Bestemt å ta ei begrensa 'revisjonsrunde'. Dokument klart tidleg på nyåret – før løyvingsbrevet frå LMD kjem.

To aktuelle spørsmål til revisjonen:

*) Etablerartilskot og maksrammer - Maks investering godkjent som grunnlag for tilskudd er satt til kr 750 000 både for tradisjonelt og nye næringer.

***) Maksimalt investeringstilskot er heva til 900 000 kroner - Kva konsekvensar får dette – justere maksimalt investeringstilskot til 900 000? Eller??

17.-19. november: Samling for Unge Bønder, Hurtigruta, Molde-Bergen T/R. Arr: Felleskjøpet, Tine og Nortura. Nestleiar Birgit Kjerstad presenterte Bondelaget då Hurtigruta låg til kai i Ålesund laurdag 19. november kl. 12.00-15.00. Det deltok 34 nye unge bønder.

21. november: Møte på Håholmen for tilsette ved Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Foredrag om landbruksmeldinga, Arnar Lyche

24. november: Møte om landbruksretta skjøtsel i verneområde, Fylkeshuset, Molde, Birgit Oline Kjerstad, Arnar Lyche.

Fylkesmannen hadde møte med bondeorganisasjonane om skjøtsel av verneområde. (i hovudsak naturreservat, fuglefredingsområde og landskapsvernområde langs kysten). Informasjon om korleis dei legg opp samarbeidet med grunneigarar og skjøtelsentreprenørar, og drøfta korleis dette arbeidet best kan gjerast. Vidare moglegheit for å få beiting på område der dette ikkje skjer no. Det er fleire måtar å få til dette på, anten ved at grunneigaren kan beite, eller at ein låner inn beitedyr utanfrå («beitepatrolje»). Anna skjøtsel som er påkravd, er hogst og rydding av gjengroingsskog og leplantingar.

(naturmangfaldlova)

§ 47. (skjøtsel av verneområder)

I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmer bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.

Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf.

Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren.

Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.

28.-29. november: Seminar om leder- og medarbeiderutvikling, Sanner Hotell, Hadeland.

Arrangert av Norges Bondelag. Heile fylkeskontoret deltok.

29. november: Møte om rovviltforvaltninga i Møre og Romsdal, Åndalsnes

Rovvilttalsmann Oddvar Tynes var påmeldt, men måtte melde forfall dagen før møtet.

Ope møte kl. 15.00-20.00 om rovviltpolitikk og korleis rovvilt blir forvalta i Møre og Romsdal. Lagt vekt på utfordringane i samband med sau på utmarksbeite. Organisasjonar samt sauebønder og landbruksforvaltning i rovviltkommunane spesielt inviterte. Programmet m.a. Direktoratet for Naturforvaltning: Gjeldande rovviltpolitikk. Rovviltforliket- betydning for Møre og Romsdal "Rovdata"- Ny aktør i bestandsregistreringsarbeidet- rollefordeling, metodikk og status for rovviltbestandane Rovviltnemnda for region 6 (Trøndelag og Møre og Romsdal): Revidert forvaltningsplan Mattilsynet: Korleis unngå beiterestriksjonar? Statens naturoppsyn: Rovviltstatus for 2011 Norges Jeger- og Fiskeforbund, avd. Møre og Romsdal: Arbeid med gaupetaksering og tilrettelegging for jakt

30. november fram til lunsj kl. 09.00- 12.00 var organisasjonane og kommunane invitert til ei dialogprega samling, der det vart gjennomgått status for dei ulike kommunane som utgangspunkt for dialog. Rovviltnemnda, DN, SNO og Mattilsynet stilte på dette møtet.

1. desember: Nettverksmøte for landbruksretta rådgjeving og FoU i Møre og Romsdal

Birgit Oline Kjerstad og Arnar Lyche møtte for Bondelaget.

Fylkesmannen teke initiativ for å samle aktørane som arbeider med rådgjeving, forskning og utvikling retta mot landbruket i Møre og Romsdal. Den overordna målsetjinga er å etablere eit nettverk der aktørane kan møtes for gjensidig læring, erfaringsdeling, idémyldring og sonderingar rundt samarbeid. Ambisjonen er å gjere dette til eit årvisst arrangement, men slik at både form, innhald og deltaking kan variere over tid. Tematisk kan seminaret også ta opp utviklingsarbeid i tillegg til «kjerneområda» rådgjeving og FoU.

Fylkesmannen vil stå på for å skaffe finansiering til gode prosjekt som tenar landbruket. På møtet drøfta: Kva område bør prioriterast? Kva finansieringsmuligheiter finnes? Er samarbeid mulig? Korleis få 'våre' interesser fram i lyset – i konkurranse med andre næringar og andre landsdelar?

2. desember: Pressemøte på Eide om landbruksmeldinga.

Inge Martin Karlsvik, Birgit Oline Kjerstad, Arnar Lyche og Arild Erlien møtte frå Bondelaget.

Frå Ap: stortingsrepresentant Else May Botten og fylkessekretær Egil T. Ekhaugen.

NRK Møre og Romsdal møtte og hadde innslag både i radio og TV.

Heimeside 02.12.2011: Bondelaget og Arbeiderpartiet møttes om landbruksmeldinga

Arbeiderpartiets stortingsrepresentant og medlem i Næringskomiteen, Else May Botten fra Molde og Halså, presenterte fredag 2. desember den nye landbruksmeldinga overfor media og fylkesbondelaget på et pressetreff på garden til Bondelagets fylkesleder Inge Martin Karlsvik i Eide. Botten sa dette er ei veldig offensiv stortingsmelding i forhold til landbruk og matproduksjon, der regjeringa vil øke landets matproduksjon med 20 prosent i løpet av de neste 20 årene. Karlsvik mener regjeringa er for lite forpliktende på inntektsnivået til landbruket.

6 Orienteringssaker

6.1. Om avløsning ved sykdom for samdrifter og fødselspermisjon

Vedlegg:

- Brev fra Norges Bondelag datert 18. november (Jfr styremøte 18. okt. - SAK 53/2011: Avløysarordninga og velferdsordningar)
- Kopi av artikkel i Nationen 24. oktober - intervju med Inge Martin Karlsvik
- E-post 26. oktober frå Borghild Neergaard Aarset, Gjemnes, med kommentarar til saka, og svar frå Inge Martin Karlsvik.

6.2. Geit i vekst 2010-2014 for Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Vedlegg: Halvårsrapport 2011

Sogn og Fjordane Sau og Geit, Møre og Romsdal Sau og Geit og Hordaland Sau og Geit er eigarar av prosjektet Geit i Vekst. Prosjektet er inne i sin andre periode som går frå 01.07.2010 til 01.04.2014. Aktiviteten i prosjektet har stor vekt på fornying av driftsapparat og full sanering av alle geitebuskapar.

M&R Bondelag gjorde i 2010 vedtak om løyving på kr 10.000 til prosjektet for 2011.

6.3 Saker frå Bygdekvinnelaget**6.4 Saker frå Bygdeungdomslaget**

6.5 Regionalt styre i Innovasjon Norge i Møre og Romsdal 2012-2013

Styremedlem i M&R Bondelag, Anne Katrine Jensen, Gjemnes, er attvalt som medlem i regionalt styre i Innovasjon Norge i Møre og Romsdal 2012-2013.

Styret er oppnemnt av hovudstyret i Innovasjon Norge, og består av desse medlemmer:

Leiar Kristine Landmark (sjølvstendig rådgjevar), nestleiar Terje Dyrseth (adm. dir. Brunvoll AS), Torill Ytreberg (regiondirektør NHO), Rune Solenes Opstad (distriktssekretær LO), Leif Inge Karlsen (direktør Bentneset Invest AS), Anne Katrine Jensen (bonde), Randi Karin Asbjørnsen (fylkespolitiker og daglig leder i Data Pro S) og Knut Flølo (fylkespolitiker).

6.6 Andre saker lagt ut på M&R Bondelag si heimeside - www.bondelaget.no/moreogromsdal

Heimeside 30.11.2011: –Kutta i mjølkeproduksjonen er gått for langt

–Smørmangelen er eit symptom på mjølkemangelen, meiner fylkesleiar i Bondelaget, Inge Martin Karlsvik. – Mjølkeproduksjonen i landbruket går ned. Det blir fleire og fleire som sluttar. Fram til no har vi klart å oppretthalde produsert mengde, men no klarer vi ikkje det lenger, seier Karlsvik i eit intervju med NRK MØRE OG ROMSDAL.

Heimeside 11.11.2011: Mat må vi ha!

Slik som verden utvikler seg må det være grov uforstand å bygge ned egen matproduksjon og basere seg på økt import. For å unngå sult og fattigdom må, i følge FN's mat og landbruksorganisasjon FAO, verdens matproduksjon økes med 70 prosent fram mot 2050. Kanskje har velstanden gått oss til hodet og gjort oss blinde for livets harde realiteter? Det skriver fylkesleder Inge Martin Karlsvik og organiasjonssjef Arnar Lyche i et leserinlegg.

Heimeside 09.11.2011: 88 færre søkte om produksjonstilskudd

2.920 foretak i Møre og Romsdal søkte om tilskudd ved søknadsomgangen i august 2011. Dette er 6,5 prosent av brukene i landet og 88 færre enn i fjor. For første gang er det nå under 3.000 gardsbruk i drift i fylket. Og det er for første gang registrert under 1.000 mjølkebønder i Møre og Romsdal. Jordbruksarealet er redusert med 52.000 dekar de siste ti årene, som tilsvarer nesten hele arealet i drift på 55.000 dekar i fylkets største jordbrukskommune Fræna.

Heimeside 07.11.2011: Færre bruk - mindre mjølk

I 1995 var det 2675 mjølkebruk i Møre og Romsdal. No er det under 1000 igjen. Disse opplysningane vart lagt fram på leiarmøtet til M&R Bondelag i helga. - Det er klart at dette er faresignal vi må ta på alvor. Det gjeld ikkje minst med tanke på miljøet i næringa, når det er så stort fråfall. Men alt er ikkje svart. For dei som driv landbruk, har det vore ei positiv utvikling dei siste åra når det gjeld økonomi, seier leiar i M&R Bondelag, Inge Martin Karlsvik til ROMSDALS BUDSTIKKE.

Heimeside 31.10.2011: Svekke importvern knekker nakken på norsk landbruk

- Å svekke importvernet vil vere å knekke nakken på norsk landbasert matproduksjon og næringsmiddelindustri. Landbruket vil aldri kunne greie å kompensere driftsulempene knytt til klima, geografi og kostnadsnivå om vi er aldri så dyktige. Det er viktig å hugse at berre matvarer vi har gode føresetnadar for å produsere sjølv har tollvern. Mesteparten av maten er importert utan toll. Det skriv nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Birgit Oline Kjerstad, (biletet), i eit lesarinlegg.

Heimeside 24.10.2011: Vanskelig med variert pappaperm

Nybakt far og bonde Inge Martin Karlsvik får problemer når han ønsker å ta ut pappapermisjon i flere bolker. NAV sier ja, mens avløserordningen ikke tillater delt løsning. - Dagens avløserordning er for lite fleksibel for nybakte foreldre, sier leder i Møre og Romsdal Bondelag og nybakt pappa, Inge Martin Karlsvik, som er redd han vil miste verdifull tid med sønnen Trond Ingvar (NATIONEN)

Møtet slutt onsdag 7. desember kl 15.00

Arild Erlien
Referent

Fordeling av «Aktivt lokallagsmidler» 2011 **Vedlegg til SAK 60/2011**

Vedteke i styremøte 6.-7. desember 2011

Sum til fordeling: Kr. 148.743

Søknad (utheva)	Aktivitet	Løyvd
Vanylven og Syvde		
Rovde		
Sande		
Vestre Sunnmøre		
Volda og Dalsfjord		
Austefjorden	Uttale jordbruksforhandl, OPEN GARD	5000
Bjørkedal & Kilsfj		
Ørsta	Uttale jordbruksforhandl , Bondekafe, Studiering, HMS-kurs, Bodstikkefastetten, Medlem i SMIL-gruppe, Uttale om forvaltningsplan for hjort i kommunen	2550
Follestaddalen		
Hjørundfjord	Uttale jordbruksforhandl , Mange gode mediaoppslag i lokalavis og nettportal, Aktivitet i samarbeidsutval, Medlem i SMIL-gruppe, Teke opp hets og manglande støtte av pelsdyrnæringa, Teke opp sak om lågare rente på driftskreditt, Søknad om utsett frist for gjødselspreiing, Teke opp sak om brøyting/vegvedlikehald, Bodstikkefastetten, Teke opp sak om teoretisk breie kommunale vegar	3600
Skjåstaddalen	OPEN GARD	5000
Ørskog	Uttale jordbruksforhandl , Fagleg tema på medlemsmøte med landbrukssjefen, Årleg møte med landbrukskontor, Møte med ordføraren, Møte om beredskapsplan, Bodstikkefastetten, Forvaltning av SMIL-midlane samen med landbrukskontor, Plastpressing, Invitert alle nye grunneigarar på årsmøtet, Delt ut mold og frø til barnehagar i kommunen	3600
Eidsdal og Norddal	Uttale jordbruksforhandl , 3 Medlemsmøter, Medlemsmøte med temainnleiing ved ordføraren, Uttale om bruk av og regelverket for SMIL-midlane, Deltaking i faggruppe for Verdensarvprosjektet, Deltaking i stiftinga Paktarstova, Bodstikkefastetten, Studiering, Deltaking i prosjektet Geit i Vekst	3950
Valldal	Uttale jordbruksforhandl	
Stranda	Uttale jordbruksforhandl , 4 medlemsmøter med ulike tema, Møter med kommunen om SMIL-midlar, Uttale om veterinærtenesten i kommunen, Verva 8 nye medlemmer, Bodstikkefastetten	3250
Sunnylven		
Liabygda	Uttale jordbruksforhandl , Medlemsmøte, Møter med kommunen om SMIL-midlar, Møte med nærings sjefen, Arbeid og fått innvilga av Vegvesenet skilting om beitedyr	1850
Geiranger		
Stordal		
Sykkylven	Uttale jordbruksforhandl , OPEN GARD , Studiering, Møte om kartgrunnlag/arealberegning for jordbruksareal, Møte om veterinærorganisering, Bodstikkefastetten, Utstilling av dyr under Sykkylvsdagane, Møte med kommunen om SMIL-midlar, Uttale om revidering av bandtvangreglane for hund, Kalktinging, Plastpressing, Stilte ut matvarer under hausttakkefest i kyrkja	8950
Skodje		
Giske		
Hildre og Vatne	Uttale jordbruksforhandl , Kafe-treff/felles lunsj for medlemmer, Bodstikkeaksjonen, Aktivitet overfor politikarane ved lokalvalet, Høyringsuttale om landbruksplan i kommunen, HMS-kurs	2200
Ytre Haram	Uttale jordbruksforhandl , Medlemsmøte, Studiering, Møte med planutvalet i kommunen, Bodstikkefastetten, Høyringsuttale om landbruksplan i kommunen	2200
Harøy og Fjørtoft		
Molde	Medlemsmøte, Bodstikkefastetten	700
Vestnes	Uttale jordbruksforhandl , Julebord, Stand på Syltemartna, Bodstikkefastetten, Søknad om lokal forskrift gjødselspreiing, Merknader ang søknad frå Ura Pilanlegg	2200
Rauma	Uttale jordbruksforhandl , Landbruksmartna med dyre- og maskinutstilling , 4 bondekafear (jan,feb,mars,april), Bedriftsbesøk Rauma Ullvarefabrikk, Felles fjelltur, Julebord, Felles busstur til Agrisjå, Dyrevelferdskurs, Aktivt arbeid med jordvern og oppslag i lokalavis, Deltek i forvaltning av SMIL-midlar, Felles aksjon med Skoglaget om betre kommunale vegar, Delteke på samling for næringslivet i kommunen, Bodstikkefastetten, Gitt gåveabon. Norsk Landbruk til 3 ungdomsskolar, Uttale til NB om fornyingsutvalet	10000
Neset	Uttale jordbruksforhandl	

Søknad (utheva)	Aktivitet	Løyvd
Midsund		
Gossen		
Fræna	Uttale jordbruksforhandl , Medlemsmøte, Matpakkedag m/info om landbruk for 6.-klassingane, Bodstikkefastetten	1500
Hustad	Uttale jordbruksforhandl , Medlemsmøte, Bodstikkefastetten	1150
Eide	Uttale jordbruksforhandl	
Averøy	Uttale jordbruksforhandl , Medlemsmøte, Bodstikkefastetten, Metallinnsamling, Arr tur til Halåsetra, HMS-kurs, Skolelunsj + skoletime på Meek skole, Arr opent fjøs i Bådalen samdrift, Aktiv deltaking i Averøy landbruksråd	3250
Frei		
Gjemnes	Uttale jordbruksforhandl, Dyregod-dagane med dyreutstilling , Sosial tur til Oppdal for medlemmer, Grillkveld etter slåtten, 6 kukafear, Studiering, Medlemsmøte, Bodstikkefastetten, Innspel til reguleringspløn for Åndalssetra	7900
Tingvoll	Uttale jordbruksforhandl, OPEN GARD , HMS-kurs, Uttale til NB om fornyingsutvalet, 4 vertsbønder tok imot gardsbesøk for 5.-7.klasse, Påskelunsj på Meisingset oppvekstsenter, Gardsbesøk 1.-2.klasse Meisingset, Bodstikkefastetten	7550
Straumsnes	Julebord, Bodstikkefastetten, Møter i Tingvoll landbruksråd, Medlemsmøte om SMIL-midlar og tilskotsordningar	1400
Sunndal		
Øksendal	Uttale jordbruksforhandl	
Ålvund	Uttale jordbruksforhandl , HMS-kurs, Sponsa skulefrokost Ålvundeid skole, Arbeid med forvaltningsplan hjortevilt, Synleg med saker i lokalavisene, Bodstikkefastetten	2200
Surnadal	Uttale jordbruksforhandl , Arr 13 Kløverstukveldar, Studiering, Møte med kommunen og Svorka om biogassanlegg, Arr landbrukskonferanse med Sparebanken/kommunen, Møte med kommunen om aktuelle saker, Arr møte om kraftnettsituasjonen, Brev til Mattilsynet om varsla beitenekt, Delteke i arbeidsgruppe for næringsplan i kommunen, Delteke i arbeidsgruppe for forvaltningsplan hjortevilt, Uttale frist gjødselspreiing, Bodstikkefastetten	4300
Todalen	Uttale jordbruksforhandl, OPEN GARD , Julebord,, Kveldsmat for medlemne, Lunsj til alle på Todalen oppvekstsenter, Arr landbrukskonferanse med Sparebanken/kommunen, Møte med kommunen om aktuelle saker, Arr møte om kraftnettsituasjonen, Brev til Mattilsynet om varsla beitenekt, Bodstikkefastetten	8250
Rindal	Uttale jordbruksforhandl , Medlemsmøte, Studiering, Støtte til avlørsarkurs i Rindal, Bodstikkefastetten, Uttale om kommunens arealplan	2200
Aure og Tustna	Uttale jordbruksforhandl , Brannvernkurs/dagsseminar på gardsbruk, Medlemsmøte, Todagarstur til Ørland, gardsbesøk og sosial samvær, Studiering, Bodstikkefastetten, Møter med kommunen om SMIL-midlar, Politisk påverknad av politikarar for auka stilling landbr-rådgj, Delteke på grundercamp i ungdomsskolen, Blomster til bonde bygd nytt fjøs	3600
Halsa og Valsøyfjord	Uttale jordbruksforhandl , Bodstikkefastetten, Bondelaget stilte med eige lag på Quizkveldar, Bondelaget stilte eige forballag til grendeturnering, Stand på byggedag i Halså, Besøk i Halså barnehage, Oppsøkte politiske parti på stand under valkampen, Høyringsuttale i samband med vegtrase og dyrka mark, Opprop i samband med landbruksmeldinga, Delteke på møte i ny vegtrase, Møte med Svorka om kraftsak, Søknad saman med prod,-laget om tilskot kjøp mjølkekvoter	4300
Smøla	Uttale jordbruksforhandl, OPEN GARD , Bodstikkefastetten, Delteke i arbeidet med kommunal forv.-plan hjort og gås	6150

Føresetnad for tildeling at laget har søkt, med unnatak av Open Gard, som får kr. 5.000 pr. arrangement og kr. 5.000 til lag som har hatt ansvar for dyreutstilling på utadretta arrangement i bygda i lag med andre. Kr 450 til lag som har uttala seg om jordbruksavtala når dei også har sendt inn søknad og kr. 350,- til anna prioritert aktivitet etter skjønn.

Fordelingsgrunnlag: Sum til fordeling: Kr 148.743		Sum:
Uttale jordbruksforhandlingane Kr. 450-- x 23 lag	10.350	
Open Gard (Austefjorden, Skjåstaddalen, Sykkylven, Todalen, Tingvoll, Smøla) Kr. 5000 x 6 arr	30.000	
Støtte til Rauma Bondelag for dyreutstilling på Landbruksmartna på Åndalsnes	5.000	
Støtte til Gjemnes Bondelag for dyreutstilling på Dyregod-dagane på Batnfjordsøra	5.000	
Sum:	50.350	
Anna prioritert aktivitet etter skjønn 167 tiltak x 350,--	58.450	
Sum aktivitetar i lokallaga:		108.800
Styrke lag med svak økonomi som har stor aktivitet og som har søkt om aktivitetsmidlar: kr 3000 pr lag x 6 lokallag		18.000
Innkjøp av profileringsartiklar til bruk på aktivitetar i lokallaga og vervepremier		21.943
Sum fordelt		148.743